

TROMS SKOGSELSKAP



ÅRSMELDING 2022



Framsida:
Haut 16. september 2022 – ospeholt ved Måselva. Ruten i bakgrunnen.

TROMS SKOGSELSKAP



ÅRSMELDING 2022

INNHALD

Troms skogselskap	
Styret – administrasjon	5
Årsmøtet.	6
Eigedommane.	12
Melding frå planteskolane.	13
Informasjon – Andre arbeidsoppgåver	20
Fond – legat – rekneskap.	26
Skogbruket i Troms	
Skogbruksstyresmakt – funksjonærer	33
Ulike arbeidsoppgaver – tiltak	35
Skogens tilstand og vekst	38
Vêrtilhøva.	38
Skogtilstanden	44
Skogens vekst	45
Skadar på skogen	48
Skogtreas blomstring og frøsetting	49
Skogsbær - matsopp	51
Vilt – skog	52
Skogkultur	-
Skogsdrifta	-
Driftteknikk	-
Skogsvegbygging	-
Skogfond	-
Skogtaksering	-
Arealforvaltning	56
Rettleiingstiltak – samlingar	-
Tilskott 2022	-
Tabeller I – XIII	-
Vedlegg	
Skogen i Balsfjord – årsmøtet 2022	58

TROMS SKOGSELSKAP

2022

STYRET

Etter årsmøtet 21. september har styret denne samansettinga:

1. Kristian Karlsen, Målselv, vald av årsmøtet 2021 – leiar
2. Leif Evje, Kvæfjord, nestleiar « « 2022 - nestleiar
3. Ingrid Krogstad, Sørreisa, « « 2020
4. Geir Inge Sivertsen, Lenvik « « 2022
5. Mette Kinderås, Harstad « « 2021

Varamedlemmer (vald samtidig med styremedlem med same nummer).

1. Frode Løwø, Sørreisa
2. Inge Fredheim, Salangen
3. Ingunn Irene Rivertz Vatne, Lyngen
4. John Karlsen, Nordreisa
5. Elisabeth Torstad, Lyngen

Arbeid i styret

Styremøte

Styret har hatt 2 møte, eitt var på nett, med i alt 12 protokollførte saker.

Av saker nemnast:

Administrative

- Rekneskap og budsjett.

Fagerlidal 54/13

- Førespurnad om kjøp av utbyggingsgrunn på Andselv.

Skogbrukets hus

- Utleige av kontor til Interkommunalt plankontor.

Tilskott

- Støtte til konferansen «Skog i nord».

ADMINISTRASJON OG TILSETTE

Administrasjon

Terje Dahl er selskapets sekretær. Konsulent Anne-Sofie Jakobsen har heil stilling hos Fylkesmannen. Ho har vore leigd inn for å ta seg av rekneskapen.

Bardufoss planteskole

Magne Ove Holmebukt er heilårstilsett. Frå 2. november var Frank Kjellmo var permitert i 80% av stillinga. Dei utfører òg arbeid for skogselskapet.

Reinhold

Reinholdet i Skogbrukets hus vert utført av Toma Facility Services As ved deira avdelingskontor på Finnsnes. Toma-gruppen har hovudkontor i Bergen.

Revisor

Revisjonsfirmaet Helberg og Øverås A/S er skogselskapets revisor.

Medlemmar 230.

Alle medlemmane av skogselskapet får bladet «Skog og miljø».

Årsmøtet

Årsmøtet var i Balsfjord 21. september på Vollan Gjestestue i Nordkjosbotn. I år hadde vi årsmøtet før skogdagen, og vi tok til i eleventida.



Årsmøtet

Leiaren ønska dei 17 fram møtte velkomne til årsmøtet. Etter godkjenning av innkalling og saksliste vart det vald to til å skrive under protokollen.

Leiarens 5 minutt.

Leiaren konsentrerte seg om drift av planteskolen. Vi sli med lågt plantetal. Ein hovudnøkkel for å få meir planting, skogkultur og hogst i kommunane er betre bemanning med skogfagleg personell..

Vi søkte i 2022 om «koronamidlar» gjennom kommunen. Vi fekk innvilga søknaden. Ei god hjelp har vore presjektet «Ungdom i arbeid» som Statsforvaltaren hadde i år òg. Dei tok mykje av tynninga i veksthusa.

Årsmeldinga.

Sekretæren gjekk gjennom årsmeldinga, og knytte nokre merknader til ein skilde postar. I år har vi felles årsmelding med skogbrukarane hos Statsforvaltaren. Dei siste 3 åra har vi berre hatt med årsmelding for skogselskapet sine aktivitetar. I tillegg har skogselskapet tatt med kapitla om «Skogens tilstand og vekst», «Vilt – skog», ulike vedlegg og «Arealforvaltning». Vi voner vi får med det restrandende.

Terje Karlsen hadde innspel mellom anna om korleis ein kunne sette meir fokus på skogbruket i fylket, mellom anna blant dei som veks opp i dag. Leiaren konkluderte med at det var ein del å jobbe med. Både med interesse for skogbruk, frø og planting.

Rekneskapen.

Anne-Sofie Jakobsen gjekk gjennom rekneskapen. Revisjonsrapporten vart gjennomgått. Rekneskapen godkjent.

Val.

Geir Kvammen la fram valnemnda sitt framlegg:

Val av 2 styremedlemmar m/varamedlemmar

Medlemmar: Leif Evje attvald.
Geir Inge Sivertsen attvald.

Varamedlemmar: Inge Fredheim, attvald
John Karlsen. Attvald

Val av leiar for 1 år: Kristian Karlsen, attvald

Val av nestleiar for 1 år: Leif Evje, attval

Etter valet har styret denne samansetting:

Kristian Karlsen, Målselv, leiar
Leif Evje, Kvæfjord, nestleiar
Ingrid Krogstad, Sørreisa

Geir Inge Sivertsen, Senja
Mette Kinderås, Harstad

Val av revisor.

Revisorane Helberg & Øverås attvald.

Val av 2 medlemmar til valnemnda:

Anne Hege Hanstad vald for 2 år

Brynjar Jørgensen vald for 3 år.

Geir Kvammen vart vald i 2021, han held fram. Kristian Karlsen var vald i 2020 og går ut av valnemnda da han no sit i styret.

4. Arbeidsoppgåver framover.

Ein stor del av tida går til dei faste arbeidsoppgåvene knytta til adminstrasjon, planteskole og forvaltning av eigedomane.

Vi har som mål å vere meir synlege og å følge opp saker utat så langt vi strekk til.

Etter årsmøtet drog vi på skogdag.

Skogdagen

I halv eitt tida drog vi i veg i personbilar etter Skogvegen på sørsida av Nordkjoselva. Ved Ryan stoppa vi og gjekk ut av bilane, og tok fatt på skogdagen.

Stoppestaden vi hadde vald, låg slik til at vi hadde god utsikt over til plantingane på oversida av E6 på andre sida av dalen. På Jon-Harald Nedrum sin eigedom der var det eldre plantingar av gran, ein del lerk og tynna bjørkeskog. Planen var å ha eit fagstopp der, men parkering langs E6 frista ikkje, og vi fann ut at vi skulle ta all informasjon ved Ryan, og no stod vi der.

Landbruk i Balsfjord kommune

Skogbrukssjef Brynjar Jørgensen gav først ei oversikt over geografi og næringsliv i Balsfjord kommune med hovudvekt på skogbruk.

Balsfjord er ein av dei største jord- og skogbrukskommunane i fylket.

Kommunen har 480 000 da produktiv skog, med eit ståande volum på 2,5 mill. m³, derav 75% gamal lauvskog. Årleg tilvekst er 60 000 m³. Talet på skogeigedommar er ca. 1000. Årle hogst er 2000 m³ til sal og +/- 2700 m³ til eige bruk. (sjå vedlegg 1 bak i årsmeldinga).



Skogbruksjef Brynjar Jørgensen



*Frå skogdagen ved Ryan. I bakgrunnen ser vi skogen og plantefeltet til J.H. Nerdrum:
Frå venstre: Severin Øverli, Kristian Karlsen, Frode Løwø, Jon-Harald Nedrum, Brynjar
Jørgensen. Gunnar Kvaal, Trude Hagen, Leif Evje, Geir Kvammen, Viggo Johansen, Steinar
Alm, Lars Hellefossmo og Olav Andersen.*


Karbonbinding i skog

Tidlegare skogbrukssjef Gunnar Kvaal orienterte om potensialet for karbonbinding ved hogst av gamal bjørk som står til forfall, og med oppfølging med nyplanting. (Sjå årsmeldinga 2021, s. 11).


Skogplantinga må aukast.

Det har vore lite skogplanting etter år 2000. Dette vil gå ut over framtidig skogproduksjon. Mykje arbeid er lagt ned for å snu denne utviklinga, men det er vanskeleg å kome på offensiven. Lite bemanning i kommunane merkest, og motstand frå «miljørørsla» gjer sitt.

Skogreising i Troms - 1900-2020



Balansekvantum. Bartre. Troms.



Det årlege gapet mellom tilvekst ved fortsett skogreising og inga skogreising aukar på, og kjem opp i nokre 100 000 m³ – og merk i årleg tilvekst.

Kva er skilnaden mellom landstakst og fylkestakst?

Det er ikkje alltid like greitt å halde landstakstane og fylkestakstane frå kvarandre, ikkje minst av di det ikkje alltid skiljast mellom kven av dei som vert nytta. I skogbruket nyttast begge to. I debattar om skogareal, gamal skog, treslagsmansetnad o.l. gjev ofte bruk av det totale skogarealet best uttrykk for skogtilstanden. I fylkestakstane er det sett ei øvre grense for taksten for kvar kommune (i Balsfjord er det 450 moh, i Målselv 550 moh og Tromsø 350 moh på fastlandet og 250 moh på øyene. Det er lite aktuelt med ordinær skogdrift oppe i fjellbandet. Nedanfor er de tatt med to plansjar frå eit foredrag av Stein Tomter, Landsskogtakseringa.

Skogarealer fra landstakst og fylkestakst 2005-2009 (ha)



	Landstakst	Fylkestakst
Produktiv skog	470.000	430.000
- herav skogbruksmark	454.000	415.000
Uproduktiv skog	281.000	184.000
Annet tresatt areal	74.000	69.000
TOTALT	825.000	683.000

Landstakst vs. fylkestakst



- > Landstaksten (permanente flater) representerer fra 2005 alt skogareal, inkl. fjellbjørkeskogen
- > Fylkestaksten gjennomføres opp til barskoggrensa eller en kommunevis fastsatt høydegrense (i Troms varierende fra 250 til 550 m.o.h.).
- > Fylkestaksten har pga. tettere prøveflatenett en høyere nøyaktighet **for det arealet som omfattes av takseringen.**
- > Landstaksten kan gi oppdaterte resultater hvert år, fylkestaksten hvert 15. år (i hht. praksis i perioden 1995-2009).

Førar

Til årsmøtet var det laga ein førar, som handsama dei ulike tema som vart tatt opp. Troms er eit bjørkefylke, og det var sett opp ei oversikt over bruk av bjørk, prosjekt og forskning på bjørk i fylket.

Skogdagen vart avslutta på Gjestestua med gjennomgang av føraren før middagen vart servert.

Eigedommar

Fagerlidal 54/13, Målselv

- Kraftlina Bardufoss – Finnfjord. Litt endring av trasé. Peikt igjen på at transport av materiell og utstyr til bygging av kraftlina, må sjåast i samanheng med noverande og framtidige skogsbilveggar på skogselskap og naboeigendom.
- Skogbrukets hus
 - o Kontorer uleigd til Interkommunalt plankontor v/Målselv kommune frå og med 1. januar 2023.
- El - tilsyn i Skogly, Tårnhuset og Bergan. Bergan avslutta i 2023.

Norum 78/6 i Lenvik

- Innmeldt i Svartfjell – Årnes utmarkslag (30/6 – 2022).

Ervik

- Innspel frå nabo om kjøp av areal – gjeld tidlegare sak.

Oversikt over Troms skogselskap sine grunneigedommar.

Tala er frå «Gardskart på nett». Arealet er frå AR5, der markslaga er delt i 7 klassar. Same tabellen stod òg i årsmeldinga for 2021. Tala for Fagerlidal og Ervik er retta litt. Arealet i da.

Eigedom	Kommune	Gards-og bruksnummer	Fulldyrka/innmarksbeite	Prod. skog	Anna markslag	Bebygd, samferdsel, vatn	SUM Grunneigedom
Fagerlidal	Målselv	54/13	4	1681	816	80	2581
Leirbekkmo	«	7/5	23	765	496	7	1291
Brandsegg	«	85/7	3	422	30	11	466
Klengstua	«	24/7	0	7	0	0	7
Ervik planteskole	Harstad	79/5 m.fl.	32	60	22	4	118

-teig, Sollia	«	79/6	2	11	5		18
Norum	Lenvik	78/6	3	191	391	3	588

To frådelt tomte med hus i Fagerlidal,
54/174 Skogly – bebygd 0,1
54/312 Bergan – bebygd 0,1

MELDING FRÅ PLANTESKOLANE 2022.

Bardufoss planteskole

Styret

Styret for planteskolen er det same som for Troms skogselskap.

Styret har hatt eitt møte der dei handsama rekneskap, budsjett, drifta i planteskolen og planteprisar.

Skogselskapet slit med å halde planteskolen i gang.

Planteskolen

Vinter – vår - oppstart

19. januar – Det store snøfallet er gått over i mildvêr med små nedbørsmengder som regn og snø – snødjupna på planteskolen rundt 60 cm.

Det tina godt midt april. Den 20. var det over 15 gradar på planteskolen, og den 22. april var snødjupna 10 – 20 cm der eit is/sørpelag utgjorde omlag halvparten.


Plantane var dekte av snø, bortsett frå nokre plantar i hus nr 3 som var berlagt (sjå bilde) . Frå den 25. april vart det kaldt og nedbørsrikt, det var snø og snøbyger kvar dag, men med dagtemperaturar på pluss sida tina mykje av nysnøen bort. Den 9. mai var snødjupda på veksthusarealet 15 – 20 cm medrekna eit lite islag. 15. mai var snøen borte på veksthusarealet.. Imellom pottebretta var det is.

19. mai. Klårvêr og sol. Pottebretta tina greitt fram. Etter 20. var det ikkje nattefrost, og vi fekk ein godvêrsbolke med varmt, tørt vêr der gradestokken kom over 20 gradar. Dette vara fram til 4. juni.

Hus 7 sett opp 18. mai, hus 8 13. juni.



Frå hus 3 – 22. april.



Hus 6 - 17. mai 2022



17.mai - vatn mellom hus 7 og 8 – klar for oppsett like etter.



Hus 7 - 29. mai 2022.

Såing

Såing i pottebretta vert gjord i Skogbrukets hus og pottebretta sett på lager. I år var denne såinga stort sett unnagjort ei veke etter påske.

Nysåinga av furu og 1500 gran M95 i hus 7 vart vatna opp 28. mai. Resten av huset var fylt opp første dagane av juni. Dei siste 1200 pottebretta med granfrø vart sette inn i hus 8 og vatna opp 14. juni.

Desse treslag og proveniensar vart sådde i dei 6 850 pottebretta:

???

Treslag	Antal-brett	Plante-type	Proveniens	Frøparti	Frøforbruk kg
Gran	3500	M-95	P1	F21-018	-
	2000	M-60	«	4204	
	200	M-95	P2	4156Y	
Furu	550	M-95	X1	F20-007	0,
	200	M-95	X-2 - Målselv	F06-022	0,
	50	M-95	Z1	4942	0,
	250	M-95	Ø1- Alta	F14-009	0
	100	M-95	Æ-1	F07-093	0,
	6850				

Plantosal

Det vart i år levert 380 600 plantar.

Første plantepartiet på 5 000 gran vart køyrd til Balsfjord 31. mai. Siste levering var 8. september med 4 200 gran M60 til Målselv.

Til Finnmark vart det sist i juni levert 46 000 plantar – 6 000 gran og 40 000 furu.

63% av leverte plantar var til vårplanting. I Troms utgjorde vårplantinga 58 prosent.

Skilje mellom vår- og haustplanting set vi ved utsende plantar innan 15. juli.

Treslag	Proveniens	Vårplanting	Hautplanting	I alt
Gran	P1 – M95	71 000	102 400	173 400
	P1 – M60	86 300	17 400	103 700
	P2 – M95	11 100	-	11 100
	-	168 400	119 800	288 200
Furu	X1	22 800	11 300	34 100
	X2	4 000	4 800	8 800
	Z1	600	-	600
	Æ1	10 000	-	10 000
	Ø1	35 000	3 900	38 900

	72 400	20 000	92 600
I alt	240 800	139 800	380 600

Frøparti: Gran P1 - frøpartiet 4140. P2 er 4156. Furu: X1 (Måselv) F12-005, X2 F06- 022, Z1 4942, Æ1 F07-093, Ø1 (Alta) F14-009.

Plantane vart leverte til (avrunda tal):

Balsfjord	21 600
Måselv	264 400
Sørreisa	22 800
Harstad	25 800
Finnmark	46 000
	<u>380 600</u>

Plantebeholdning hausten 2022 (i 1 000)

Treslag	Prov.	Pottebrett	1 år	2 år	3 år	Sum
Gran	P-1	M95	300	483	-	783
"	P-1	M60	35	-	112	147
«	P-2	M95	15	50		65
Furu	X1	M95	58			58
«	X2	«	14			14
«	Z1	«	2			2
«	Æ1	«	8			8
<u>«</u>	Ø1	«	60			<u>60</u>

Skadar

Stor avgang og skadar på eit parti 3-årige granplantar etter vinteren. Plantane var seinhaustes flytta på friland langs hus nr. 1. Ein viktig (medvirkande) årsak kan vere rotskadar ved flyttinga. Røtene hadde fått god feste i sanda under pottebretta.

Gjødsling.

På hausten stod plantane fint i hus 6 og 7, men veksten hadde vore dårleg. Eittåringane i hus 7 var små, og toåringane som var sett til spiring 17. mai 2021 og dermed hadde to vekstsesongar på seg, nådde stort sett ikkje minstemålet. Eit eller anna var ute av lage. På ettersommaren var det for mange planteparti som synte mangel på nitrogen. 24. oktober – sende vi inn prøver til nåleanalysar. Prøvene var plukka ut slik at variasjonane planteparti imellom skulle kome med. Forskar Inger Sundheim Fløistad drøfter og oppsummerer dei ulke prøvene ho fekk slik i brev av 21.11.2022.

«Prøve 1 og 2 er fra samme partiet. Det ser ut som de store plantene har bedre greid å ta opp næring. Kan det være dårlig rotutvikling på de små plantene? Brukes det bare pioner-gjødsel eller får plantene også calsinitt eller annen mer direkte nitrogen-kilde. Analyseresultatene tyder på at de kunne hatt nytte av mer nitrogen. Prøve 4 fra hus 9 er også spesielt lavt i nitrogen-innhold. De plantene var også gule i barmassen noe som indikerer næringsmangel. Produksjonsplantene (prøve 3) får ett år til i planteskolen og næringsinnholdet kan bedres med god gjødsling neste vekstsesong. Dere hører fra meg igjen når de siste prøvene er ferdig analysert.»

Ugras

At vi var nøye med å strekke finmaska nett over luftelukene, hjelpte godt mot ugrasmengda. Noko ugras fekk vi likevel, særleg vart dei glisne førekomstane av mjølke godt synleg på seinhausten.

Mose

Mose er det rikeleg av i pottebretta, men dette har truleg lite å seie dyrkingmessig. Verst er tvaremosen som spreier og breier seg lett og kan avgrense vatn og gjødseltilgongen til plantane i pottene.

Det er få plantevernmidla å ta i bruk. Tvaremose har synt seg særsvak mot bakepulver. Det er flekkvis nytta med god effekt – ikkje akkurat noka rimeleg rådgjerd.

Vekst og vekstavslutting - vêret gjennom vekstsesong til årskiftet

Etter at såinga var ferdig først i juni til jonsok var det tørt, og temperaturen låg på det jamne. Da fekk vi ein ti dagars bolck med varmt vêr der gradestokken 5 av dagane kom over 30 gradar i planteskolen (4 på vêrstasjonen på Bardufoss like ved). Det var uråd å arbeide i drivhusa med slike temperaturar.

Gjennom juli og august var det fleire dagar med temperaturar over 20 gradar. På Bardfoss vêrstasjon vart det registrert 32 dagar med lik, eller over 20 gradar, sommaren 2022. Dei to første dagane var 31. mai med 20,8 gradar og 2. juni med 20,6 gradar. Neste gong over 20-gradars merket var 25. juni med 23,2 gradar og siste 26. august med 26.6 gradar. Når det gjeld vatning utanfor drivhusareala, så var det lite nedbør i juni, normalt i august og nær det doble i juli (sjå tabell under «Vêret»).

Natt til 2. september kom første frostnatta med – 2,2 gradar. Med små svingingar låg temperaturen nær normalen i ein tørr månad.

Vekst

Veksten for nokre planteparti var under det ein burde vente seg, Årsaka kunne skuldast tilhøve varme/vatning/gjødsling. I delar av juni svikta det med vatninga i eit par av husa.

God innvintring stort sett, men einskilde planteparti vart truleg hemma i modinga pga sviktande gjødsling.

23. oktober la snøen seg i planteskolen og vart liggande . (skrive 2/11) med eit tynt og ujamnt dekke. Gradestokken kom over null dei aller fleste dagane, men med kjølige netter og nedbør innimellom vart det etter kvart ei isskorpe som heilt dekte eittårs plantane, medan toåringane og eldre plantar stakk godt over. (15/11) - (bilde av 6 og 7). (slik er det òg 25. nov.).

Første desember snødde det såpass at det vart eit snødekket på 3 cm over det isate snølaget. I desember kom snødjupna på over ein halv meter med laus snø julaftan. 2. januar målte vi 45 cm.



17.mai - vatn mellom hus 7 og 8 – klar for oppsett like etter.

Arbeidskraft

I tillegg til Magne Ove Holmbukt og Frank Kjellmo som har sitt hovudarbeid i planteskolen, har vi hatt innleigd sesonghjelp. 5 skogplantarar frå Polen, som dei siste åra har vore hyra inn til skogplanting i Målselv, arbeidde til saman 800 timar i planteskolen i sommar.

Frå skoleslutt i juni og 3 veker ut i juli var ti ungdommar i arbeid i tiltaket «Sommararbeid for skoleungdom». Dei dreiv hovudsakleg med tynning.

Fylkesskogmeister Trude Hagen-Hansen styrde med denne gruppa. - Eit godt tiltak og ein bit av arbeidet med å få ungdom til skogbruket.

Ervik planteskole

Her er det som i fjor:

Utleige. I driftsbygninga er det to leigetakarar. Den eine leiger til lagerlokale, og den andre driv med veteranbilar. Våningshuset er leigd ut på korttidskontrakt til same leigetakar som i fjor.

25 dekar dyrka mark av det tidlegare planteskolearealt er leigd ut på 10-års kontrakt.

**TILSLUTTET
DET NORSKE
SKOGSELSKAP**

Skogarealet i Troms utgjør ca. en tredjedel av fylkets areal. Over halvparten av dette er produktiv skogsmark. Økonomisk drivbart skogareal er ca. 30 prosent av det totale skogarealet. Skogdrifta er pålagt krav om miljøomsyn og bærekraft.

Mye virke/verdier kan tas ut ved hogst, samtidig som det legges til rette for forynging, større verdiproduksjon og karbonbinding – naturlig eller ved planting.

Skogarealet i Troms Landskoglakseringa 2011

Kategori	Prosent	Verdi (mill. da)
Totalt skogareal	-	8,36
Produktiv skog Økonomisk drivbart	31 %	4,64
Produktiv skog Ikke skogbruk	26 %	-
Skog med liten produksjon	31 %	-
Anna trebevokst mark	9 %	-
Myr	3 %	-

TROMS SKOGSELSKAP

Skogene våre er et viktig grunnlag for næringsaktivitet, klimaregulering, rekreasjon og opplevelser. Skogene må skjøttes og drives, og verdiskapinga aukkes med planting og ressursoppbygging.

Velkommen til vår stand på Landbruksmessa!

Bilde: Skogselskapet sin annonsen i messeavisa – Landbruksmessa 2022.

INFORMASJON – ANDRE ARBEIDSOPPGÅVER

Landbruksmessa 2022.

Etter eitt års utsetting pga korona var det i år klart for landbruksmessa. I Balsfjord. På to solfylte, varme dagar - 25. og 26. juni - var det over 5 000 besøkande innom messeportane.

Skogselskapet og skogbruk hos Statsforvaltaren samarbeidde om ein felles stand. Standen var godt besøkt, med mange nyttige innspel og utspel.

Balsfjord kommune hadde sin stand i same teltet som skogselskapet. Skogbruksjef Brynjar Jørgensen informerte om skogbruk mm. Allskog var godt representert med eigen utestand. Her var det òg firma med småsagbruk (Logosol). No som før dominerte traktorar, maskiner og utstyr uteområdet. Landbruks- og matminister Sandra Borck deltok på messa begge dagane på møte og i debattar



Skogbruksstanden klar for opninga.



Landbruksmessa – Skogbruksstanden.

Styreleiar Kristian Karlsen har besøk av Ole Vårhaug, Målselv, Kristin Sørensen, Balsfjord, Vidar Skogan Balsfjord og Evald Nordli, Balsfjord.

Skogdagar

I tillegg til vanlege skogdagar får vi innimellom spørsmål om å kome på synfaring til skogeigarar, eller legge opp til omvising og orientering om skog og skogbruk. Skogetaten tar seg av dei fleste slike førespurnader, men nokre gjeld skogselskapet.

Særskild opplagte skogdagar

2 skogdagar for små spesialgrupper om div. skog (1 med 4 lærarar, 1 med bygningsentreprenør). Desse vende seg sjølv til skogselskapet og ba om spesialinformasjon. Utferdene var lagt til Blåbergskogen og Altevatn. Fagførarar utarbeidd.

Skogdag i tilknytting til årsmøtet

Skogdagen i tilknytting til årsmøtet er open for alle.

Bruk av massivtre, Tromsø

«Skogdag» i Storskogen (Drammensveien) 14.september 2022 kl 10.30

Studentsamskipnaden i Tromsø vurderer bruk av massivtre ved bygging av nye studentbustadar. I samarbeid med tidlegare skogbrukssjef i Balsfjord, Gunnar Kvaal som da var tilsett i Landbruk Nord, inviterte dei til ein skogdag ved studentsamskipnaden sine hybelblokker på Dramsvegen i Tromsø. Frå skogbruket deltok i tillegg til sekretæren skogselskapet også tredrivaren i Kystskogbruket. To frå Element NOR AS møtte òg opp i tillegg til ein politikar frå bystyret. I alt var møtelyden på 9 personar.

Hovudtema var skogen i Troms som klimatiltak.

Direktøren i studentsamskipnaden, Hans Petter Kvaal, ønska velkommen.

Sekretæren i skogselskapet orienterte om skogen i Troms, og studentsamskipnaden om eventuell satsing på bruk av massivtre.

Gunnar Kvaal tok seg av «skogen og skogbruket i Troms som klimatiltak» og tredrivaren var sett opp med innlegg om «karbonbinding i bygg (massivtre)»

Etterpå var det innspel og ordveksling. Deltakarane frå betongindustrien (Element Nor AS) poengterte betongen sine sterke sider. Politikaren (Skogholt) var opptatt av mogleg industriutvikling med grunnlag i utnytting av skogen. Eit greitt orienteringsmøte.



Deltakarar:

Ola Nøstdal, Element Nor AS , Camilla Aurora Bersvendsn, Kystskogbruket SA., Hans Petter Kvaal, adm. direktør i Norges arktiske studentsamskipnad, Pål Julius Skogholt, politiskar mellom anna medlem av kommunestyret i Tromsø, Tove Trondsen, Norges arktiske studentsamskipnad, Daniel Hanssen Masvik – Styreleder Norges arktiske studentsamskipnad, Robert Wilhelmsen - Element Nor AS), Gunnar Kvaal (arrangør).

Foto: Terje Dahl, skogselskapet..



SKOGKURS

Skogleikane 2022

Det var ingen skolar frå Troms med i skogleikane i år.

Aviser

Avisa Nye Troms har årleg temaavis om landbruk. I desse har dei òg reportasjar og anna stoff om skogbruk. Avisa gjev ut 3 spesialnummer som med ei veker mellomrom etter tur sendast alle husstandar i - Balsfjord og Storfjord, - Målselv og Sørreisa - og Bardu, Salangen og Lavangen. Annonsen kjem i alle desse 3 utgåvene og vert såleis godt spreidd.

Skogselskapet hadde i år òg ein halvsides annonse i oktober aksjonen. Annonsen var etter mønster frå fjoråret (sjå Årsmelding 2022, s. 25).

FN's internasjonale skogdag.

Det norske Skogselskap, DnS, sendte i mars ut ein artikkel som dei ønska å få inn i aviser rundt i landet. I artikkelen «Bruk av skog er også vern» er målet sett opp: «Vi i Skogselskapet ønsker i forbindelse med FN's internasjonale skogdag 21. mars, å sette ekstra fokus på at

aktiv, riktig forvaltning og skogsdrift også kan være vern av skog. Ved å ha mer bevissthet på hva vi ønsker å verne, og ikke bare sette naturen på pause, fordi vi skal nå en eller annen prosentsats for vern av skog». Troms skogselskap sende artikkelen til alle avisene i fylket. Vi fann at artikkelen i fleire av avisene.

Bøker

Skogreisingsboka

Boka «Skogreisng i nord – de første hundre år» vart ferdigstilt rett etter årskiftet. Boka er trykt i 800 eksemplar. Skogselskapet sin støtte var, nær sagt, avgjerand for å få ut boka. Sjå bokreklame s. 25. Boka kan kjøpast hos Nord-Norges Skogsmannsforbund., e-post: skogsmannsforbundet@gmail.com

Islandsboka

Boka får tittelen «Frendar fagnar skog». Størstedelen av arbeidet er gjennomført, og boka vil bli trykt i år. Hovudhensikten med boka var historia om «byttreisene» - utveksling av skogplantarar mellom Island og Noreg kvart tredje år i tidsbolken 1949 – 2000. (Sjå årsmeldinga 2018, under «Andre arbeidsoppgåver»).

Årsmeldinga

Dei siste åra er årsmeldingane lagt ut på nett. Dette har vi gjort merksam på ved innkallinga til årsmøte. Vi vil halde fram med å gje ut årsmeldinga som hefte. Ho er god å ha til informasjon, og har mykje stoff som er av skogfaleg og skoghistorisk nytte.

Årsmeldinga 2022 – vi manglar statistikk og opplysingar frå Statsforvaltaren.




Ny bok

**“Skogreisning i nord –
de første hundre år”**

tar for seg skogreisninga i Nord-Norge
fra sin spede begynnelse på slutten av
attenhundretallet og fram til år 2000.

Skogressursene i landsdelen skulle
bygges opp til å bli gagnlig for gard-
brukere, skogeiere og samfunn.



- 416 sider
- 27 kapitler
- Historiske bilder/
illustrasjoner

For bestilling av boka kontakt
Nord-Norges Skogsmannsforbund
e-post:
skogsmannsforbundet@gmail.com

Pris kr 450,-
Frakt kr 150,-
Betales ved bestilling til
konto nr 4530 49 14452

«Skogreisning i nord – de første hundre år»

RESULTATREGNSKAP 2022

	2022	2021
DRIFTSINNTEKTER:		
Husleier Skogbr.hus/boliger, Andselv *)	-1 203 603	-1 132 396
Medlemskontingent	0	-1 000
Sum driftsinntekter	<u>-1 203 603</u>	<u>-1 133 396</u>
DRIFTSUTGIFTER:		
Driftskostnader	789 657	811 253
Kostn. Vaktmester/administrasjon	233 528	208 862
Kontorhold, adm. kostn.	44 350	42 359
Avskrivninger/avsetninger	7 768	11 616
Skogdager, informasjon, årsmelding	22 885	1 233
Skatt	19 902	29 786
Sum driftsutgifter	<u>1 118 090</u>	<u>1 105 109</u>
Driftsresultat	<u>-85 513</u>	<u>-28 287</u>
FINANSINNT./KOSTN.:		
Renteinntekter	-12 595	-5 359
TS - renteutgifter/gebyr **)	65 449	58 761
Bardufoss pl.sk. - renteutg./gebyr	38 250	68 379
Ervik pl.sk. - renteutg./gebyr	295	280
Netto finansinntekt	<u>91 399</u>	<u>122 061</u>
EKSTRAORDINÆRE INNT./KOSTN.		
Tomteleie, festeavg.	-35 929	-39 085
Ekstraordinære inntekter (bl.a. rentem.)	-441 480	-113 362
Aksjer/verdipapirer	-219 111	-245 973
Tap på salg/husleie	0	150
Medl.kont. m.m. overf. grunnfond	0	1 000
Netto ekstraordinære innt./kostn.	<u>-696 520</u>	<u>-397 270</u>
BARDUFOSS PLANTESKOLE:		
Driftsinntekter	-1 818 143	-894 228
Kontorhold, adm.kostn.	30 420	39 318
Årsmelding, informasjon	22 182	15 000
Driftsutgifter	874 158	650 798
Lønnskostnader, sos.utg. m.m.	1 027 856	865 669
Avskrivninger/avsetninger	18 853	18 258
Netto årsresultat	<u>155 326</u>	<u>694 815</u>
ERVIK PLANTESKOLE		
Husleieinntekter/andre innt.	-141 201	-127 397
Kontorhold, adm.kostn.	5 152	5 358
Administrasjon	12 686	7 293
Årsmelding, informasjon	2 527	0
Driftsutgifter	123 282	99 092
Avskrivninger	0	0
Skatt	2 025	3 215
Netto årsresultat	<u>4 471</u>	<u>-12 439</u>
Årsresultat	6) -530 837	378 880

*) Leie av kjelleretasjen i Skogbrukets hus er ikke tatt med her.

**) Blant anna renteutgifter lån Skogbrukets hus.

BALANSE PR. 31.12.2022

		2022	%	2021	%
EIENDELER:					
Omløpsmidler:					
Kassa		1 403		9 856	
DnB		914 358		328 361	
Bank		932 599 9)		1 328 485	
Aksjer/verdipapirer		4 688 850 10)		4 638 110	
Mva til gode		25 312			
Debitorer		369 724		376 075	
Sum omløpsmidler		<u>6 932 247</u>	52	<u>6 680 888</u>	51
Anleggsmidler:					
Fagerlidal gård og skog	10 000				
Brandsegg	8 000				
Leirbekkmo	5 000				
Norum	5 000				
Samfunnstomta	2 000				
Jørnstubakken	500				
Ervik jord og skog	50 000	80 500 3)		80 500	
Hybelbygg	70 000				
Skogly	190 000				
Bergan	411 000				
Skogbrukets hus	5 161 763	5 832 763 3)		5 832 763	
Bardufoss planteskole:					
Bygninger	5 000				
Plastveksthus	30 000	35 000 3)		35 000	
Ervik planteskole:					
Bygninger	135 000	135 000 3)		135 000	
Inventar og redskap:					
Troms skogselskap					
Maskiner og redskap	500				
Inventar, småredskap, fotoutstyr	51 597	52 097 3)		57 829	
Bardufoss planteskole:					
Maskiner og redskap	142 175				
Inventar/kontorutstyr	14 365	156 540 3)		177 429	
Ervik planteskole:					
Maskiner og redskap	1 000				
Inventar	1 000			2 000	
		2 000 3)			
Andeler	36 025 4)				
Andel "Furuhaugen"	120 000				
Skogfond	18 727	174 752		174 752	
Sum anleggsmidler		<u>6 468 652</u>	48	<u>6 495 273</u>	49
Sum eiendeler		<u>13 400 899</u>	100	<u>13 176 161</u>	100

	2022	%	2021	%
GJELD OG EGENKAPITAL:				
Kortsiktig gjeld:				
M.v.a.	0		11 178	
Skyldig lønn/feriepenger	108 522		106 994	
Skyldig skattetrekk	31 507		32 402	
Skyldig arb.giveravg.	12 020		19 552	
Kreditorer mm.	228 152		402 846	
Skatt utleie	21 927 8)		21 865 8)	
Sum kortsiktig gjeld	402 128	3	594 838	5
Langsiktig gjeld:				
Lån Sparebank1 N-N	1 064 411 11)	8	1 177 799	
Sum langsiktig gjeld	1 064 411		1 177 799	
Sum gjeld	1 466 539		1 772 637	
Avsetninger:				
Avsetn.FoU	0	0	0	
Renovasjon skogbrukets hus	0	0	0	
Avsetn. tidl. år	7 700 000			
Sum avsetninger	7 700 000	7) 57	7 700 000	7) 58
Egenkapital:				
Grunnfondet	111 236 5)		111 236 5)	
Fri egenkapital	4 123 125 6)		3 592 588 6)	
Sum egenkapital	4 234 361	32	3 703 824	28
Sum gjeld og egenkapital	13 400 899	100	13 176 461	91

Andselv __ 31.12.2022
1.06.2023

Kristian Karlsen
leder

Leif Evje

Geir Inge Sivertsen

Mette Kinderås

Ingrid Krogstad

Revisorene Helberg & Øverås AS
revisor

Terje Dahl
sekretær

Anne-Sofie Jakobsen

NOTER TIL REGNSKAPET

NOTE 1: REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsregnskapet er utarbeidet i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Salgsinntekter

Inntektsføring skjer på leveringstidspunktet.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi dersom verdifallet ikke forventes å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Langsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke forventet tap.

Varebeholdning

Lager av innkjøpte varer er verdsatt til laveste av anskaffelseskost etter FIFO-prinsippet og virkelig verdi.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets levetid dersom de har levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 15.000. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader, mens påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

Skatt

Skattekostnaden i resultatregnskapet omfatter både periodens betalbare skatt og endring i utsatt skatt. Utsatt skatt er beregnet med 28 % på grunnlag av de midlertidige forskjeller som eksisterer mellom regnskapsmessig og skattemessige verdier, samt ligningsmessig underskudd til fremføring ved utgangen av regnskapsåret. Skatteøkende og skattereduserende midlertidige forskjeller som reverserer eller kan reverseres i samme periode, er utlignet og nettoført.

NOTE 2: LØNN

Bokført lønnskostnad består av følgende:

		2022
Lønninger	kr	845 305
Arbeidsgiveravgift	kr	40 625
Påløpne feriepenger	kr	113 122
Arb.g.avg. påløpne feriepenger	kr	5 769
Andre ytelser	kr	190 275
Ref lønn/arb.g.avg/kjøring	kr	(167 240)
Sum	kr	<u>1 027 856</u>

Gjennomsnittlig antall ansatte:

3

Godtgjørelser/lønn til ledende personer:

Revisor:

Kostnadsført revisjonshonorar utgjør kr 39 963,-

NOTE 3: VARIGE DRIFTSMIDLER

	Bygninger/ eiendommer	Driftsløsøre	Sum
	kr	kr	kr
Bokført verdi 01.01.	6 083 263	237 259	6 320 522
Tilgang i året	0	0	0
Avgang i året	0	0	0
Verdi før avskrivning 31.12	6 083 263	237 259	6 320 522
Årets avskrivninger	0	26 621	26 621
Bokført verdi 31.12	6 083 263	210 638	6 293 901

NOTE 4: AKSJER OG ANDELER I ANDRE FORETAK

Troms skogselskap har pr. 31.12.22 følgende andeler:

	Kostpris
Skogbrukets kurscenter	kr 36 000
Andsvassområdets grunneierlag	kr 25
Sum	<u>kr 36 025</u>

NOTE 5: INNSKUTT EGENKAPITAL

	Saldo 2022	Tilgang 2022	2021
	kr	kr	kr
Grunnfondet	111 236	-	111 236

NOTE 6: ANNEN EGENKAPITAL

	Annen EK	Sum
	kr	kr
Egenkapital 01.01.	3 592 288	3 592 288
Årsresultat	530 837	530 837
Avsetninger tidligere år tilbakeført egenkapital	-	-
Egenkapital 31.12.	<u>4 123 125</u>	<u>4 123 125</u>

NOTE 7: AVSETNING FOR FOND

	Saldo 2022	Avsetn. 2022	Saldo 2021
	kr	kr	kr
Avsetning til utbygging og utvikling	2 000 000	-	2 000 000
Avsetning til skadeforsikring planter	1 000 000	-	1 000 000
Disposisjonsfond	1 700 000	-	1 700 000
Forskning og utvikling	<u>3 000 000</u>	-	<u>3 000 000</u>
Sum	<u>7 700 000</u>	<u>-</u>	<u>7 700 000</u>

NOTE 8: SKATT

Troms skogselskap er skattepliktig for den delen av selskapet som omhandler

utleiedelen. Årets skattekostnad fremkommer slik:

	2022		2021	
Betalbar skatt på årets resultat	kr	-	kr	-
Endring utsatt skatt	kr	-	kr	-
Årets totale skattekostnad på ordinært resultat	kr	-	kr	-

Betalbar skatt i årets skattekostnad fremkommer slik:

	2022		2021	
Ordinært resultat før skattekostnad	kr	(5 959)	kr	(26 638)
Anvendelse av fremførbart underskott	kr	-	kr	-
Endring i midlertidige forskjeller	kr	-	kr	-
Grunnlag betalbar skatt	kr	(5 959)	kr	(26 638)

Grunnlag formuesskatt	kr	19 507 511	kr	22 003 635
Skatt, 28% som utgjør betalbar skatt på årets resultat	kr	-	kr	-
Formuesskatt	kr	21 927	kr	33 005
Godtgjørelse på mottatt utbytte	kr	-	kr	-
Sum betalbar skatt på årets resultat	kr	21 927	kr	33 005

Spesifikasjon av grunnlag for utsatt skatt/utsatt skattefordel:

Forskjeller som utlignes:	2022	2021	Endring	
Anleggsmidler	-142 238	-250 072	107 834	
Varebeholdning	0	0	0	
Fordringer	0	0	0	
Regnskapsmessig avsetning	0	0	0	
Underskudd til fremføring	0	0	0	
Sum	<u>-142 238</u>	<u>-250 072</u>	<u>-107 834</u>	
Utsatt skattefordel (28%)	kr	-39 827	-70 020	30 194

Utsatt skattefordel er ikke balanseført etter god regnskapsskikk for små foretak.

NOTE 9: BANKINNSKUDD

Av selskapets samlede bankbeholdning er kr 316 062,54 sperret på konto for skattetrekk.

NOTE10: BANKINNSKUDD

Avsetningene i aksjer og andre veridpapirer er langsiktige og verken tap eller vinning er realisert.

NOTE11: LÅN I SPAREBANK1 NORD-NORGE.

Lån til utbedring av Skogbrukets hus, Andselv.

	31.12.	Avdrag	01.01
Rest lånebeløp	1 064 411	113 388	1 177 799

FOND - LEGATER

Troms herredsskogfond pr. 31.12.2022

Herred	Kapital pr. 31.12.2021	Tilgang	Avgang	Kapital pr. 31.12.2022
Balsfjord	8 954,77	0,00	0,00	8 954,77
Bardu	8 756,10	0,00	0,00	8 756,10
Harstad	109 525,21	0,00	0,00	109 525,21
Ibestad	27 182,63	0,00	0,00	27 182,63
Karlsøy	44 778,13	0,00	0,00	44 778,13
Kvæfjord	22 218,67	0,00	0,00	22 218,67
Kvænangen	7 800,77	0,00	0,00	7 800,77
Kåfjord	6 785,33	0,00	0,00	6 785,33
Lavangen	11 655,85	0,00	0,00	11 655,85
Lyngen	18 357,96	0,00	0,00	18 357,96
Målselv	27 997,66	0,00	0,00	27 997,66
Nordreisa	83 340,66	0,00	0,00	83 340,66
Skjervøy	11 218,72	0,00	0,00	11 218,72
Tjeldsund	3 808,72	0,00	0,00	3 808,72
Senja	8 770,77	0,00	0,00	8 770,77
Storfjord	4 144,97	0,00	0,00	4 144,97
Sørreisa	1 909,98	0,00	0,00	1 909,98
Tromsø	76 842,12	0,00	0,00	76 842,12
Sum	484 049,02	0,00	0,00	484 049,02

Carl H. Giævers legat:	Kapital pr. 01.01.22	163 750,19
	Gebyr	0,00
	Renter	<u>0,00</u>
	Kapital pr. 31.12.22	<u>163 750,19</u>

Øystein Jakobsens legat:	Kapital pr. 01.01.22	382 470,76
	Gebyr	0,00
	Renter	<u>0,00</u>
	Kapital pr. 31.12.22	<u>382 470,76</u>

SKOGBRUK I TROMS

SKOGBRUKSSTYRESMAKT

Skogbruksstyresmakt er i følgje skogbrukslovens §3:

Departementet er øvste skogbruksstyresmakt. Departementet kan overføre mynde til andre forvaltningsorgan. Statsforvaltaren, fylkeskommunen og kommunen har slikt mynde som følgjer av føresegnene i lova, forskrift fastsett av departementet og andre avgjerder om overføring av mynde.

Dersom saka krev samordning over kommunegrenser, eller viktige nasjonale omsyn tilseier det, kan oppgåver som i eller i medhald av lova er lagt til kommunen behandlast av departementet eller anna skogbruksstyresmakt.

Statsforvaltaren er skogbruksstyresmakt for skog som kommunen eller fylkeskommunen eig.

Statsforvalteren i Troms og Finnmark

Fylkesmannsembeta for Troms og Finnmark er slått saman sia 1. januar 2019, og fekk frå 1. januar 2021 namnet «Statsforvalteren i Troms og Finnmark».

Statsforvaltar Elisabeth Vik Aspaker har hovedkontor i Vadsø. Ein av to assisterande statsforvaltarar har kontor i Tromsø.

Landbruksavdelinga er ei av sju avdelinger hos Statsforvaltaren. Landbruksdirektør Torhild Gjølme har kontor i Vadsø. Forutan i Vadsø har avdelinga òg kontor i Tromsø og på Andselv.

På Andselv har Statsforvalteren kontor i Skogbrukets hus.

Landbruksavdelinga - skogfagleg personell

Det skogfaglege personellet er delt med ein fylkesskogmester i Vadsø, Helge Molvig, og to fylkesskogmestrar i Troms, Trude Hagen Hansen og fylkesskogmester Brynjar Jørgensen. Brynjar Jørgense begynte i Balsfjord kommune i ?? i år. I tillegg er rådgjevar Anne-Sofie Jakobsen på Skogbrukets hus. Ho har oppgåver innafor jordbruk.

Reindriftsavdelinga og Justis- og kommunalavdelinga

Tre frå reindriftsavdelinga og to frå Justis- og kommunalavdelinga, planseksjonen, har kontor i Skogbrukets hus. Arealplanleggar, tidlegare fylkesskogmeister Oddvar Brenna, gjekk av med pensjon 30. juni i år.

Kommunale skogfunksjonærar

Dei kommunale skogfunksjonærarane har ei viktig rolle i forvaltning og næringsutvikling i skogen. Fleire av kommunane har ikkje skogfagleg personell, og skogoppgåvene er lagt til andre tilsette, ofte med jordbrukskompetanse.

I tabellen nedanfor er skogbruksfagleg tilsette i kommunane førd opp. Kommunane er ordna etter dei tidlegare skogbrukssjefdistrikta. (Sjå TS 2021, ss 36 – 39).

Tabell - Kommunale skogfunksjonærer

Distrikt I				
Harstad, skogmester	Karlsen, Per Eldar	1)	9489 Harstad	95 27 92 71
Kvæfjord, skogbruksrådgiver	Harstad, Gyrd	2)	9475 Borkenes	46 91 19 97
Tjeldsund	Lona, Karstein G.	3)	9440 Evenskjer	90 62 14 50
Distrikt II				
Salangen, skogbrukssjef	Fredheim, Inge		9350 Sjøvegan	90 02 57 30
Dyrøy	-			
Lavangen	-			
Gratangen	-			
Ibestad	-			
Distrikt III				
Bardu	Hoff, Alf-Rune	4)	9360 Bardu	95 76 45 26
Målselv, skogbrukssjef	Løwø, Frode		9325 Bardufoss	41 66 97 35
Målselv, skogmester	Hoff, Alf-Rune	5)	9325 Bardufoss	46 50 21 46
Distrikt IV				
Lenvik, skogmester	Hove, Svein Georg		9300 Finnsnes	99 23 91 43
Sørreisa	-			
Distrikt V				
Balsfjord, rådgiver skog og vilt.	Jørgensen, Brynjar	6)	9050 Storslett	75 72 26 31
Tromsø, skogansvarlig	Granmo, Lars Petter		9299 Tromsø	90 22 65 75
Karlsøy	-		9130 Hansnes	
Distrikt VI				
Skogbrukssjef	Torstad, Elisabeth	7)	9060 Lyngseidet	40 02 85 15
	Johansen, Nive Kleist	8)		
Lyngen	«			
Kåfjord	«			
Nordr./Skjervøy, skogmester:	Funderud, Dag		9151 Storslett	77 58 80 41
Storfjord		9)	9143 Skibotn	
Distrikt VII				
Kvænangen, skogbrukssjef	Sund, Tor Håvard		9510 Alta	78 45 51 23
Kvænangen	-		9161 Burfjord	

1) Skog og elg 20 prosent, - SMIL og avlingsskader i Harstad og Evenes	7) Permisjon i ett år fra 1. okt. 2021 - slutta i permisjonstida
2) Gyrd Harstad – arbeider 60 % i Kvæfjord og 40 % i Harstad som skogrådgiver	8) Tiltett nov. 2021 -slutt nov. 2022. Terje Størseth – jordbrukssjef – skal også ha skogbruk i Lyngen frå 1. jan. 2023.
3) Slutta mai 2022	
4) Slutta sommaren 2022. Etter dette kjøpte Bardu nokre tenester frå Salangen (Inge Fredheim) mot rekning.	9) Jordbrukssjefen har jord, skog og vilt. Ingeniør Magne Haugstad har hjelpt til med skogbruksaker.
5) Begynte 1.sept. 2022.	
6) Begynte 1. febr. 2022	

ULIKE ARBEIDSOPPGÅVER - TILTAK

Kystskogbruket

Melding om kystskogbruket 2022.

I år kom den nye meldinga om kystskogbruket, (sjå TS 2021, s. 44). Meldinga har eit litt anna opplegg enn dei to førre meldingane, og styringsgruppa skriv om dette i føreordet til meldinga: ««Melding om kystskogbruket» ble vedtatt i alle fylkeskommunene i 2008. Denne ble fulgt opp med en ny kystskogmelding i 2015. Disse meldingene inneholder grundig faktakunnskap og analyse, som også ligger til grunn for «Melding om kystskogbruket 2022». I denne nye meldinga har målet vært å korte ned tekstvolumet og legge større vekt på handlingsdelen.

- - -
Styringsgruppa anbefaler at fylkeskommunene vedtar et oppfølgingsprogram med tilhørende finansieringsplan, som en naturlig iverksetting av utvalgte strategier og tiltak som er beskrevet i meldinga.»

Figuren nedanfor om organisering av Kystskogbruket er tatt frå meldinga. Mål med visjon og dei 4 satsingsområda tas òg med. Delmåla under kvart satsingsområde er ikkje tatt med.


Visjon:

Kystskogbruket er en avgjørende bidragsyter for å oppnå bærekraftsmålene og det grønne skiftet.

Satsingsområde 1: Klimabidrag og skogproduksjon

- « 2: Økt trebruk og trebasert verdiskaping
- « 3: Infrastruktur
- « 4: Omdømmebygging, rekuttering og nettverksarbeid

Organisering av Kystskogbruket



Fylkeskommunene «eier» meldinga, og har ansvaret for de politiske oppgavene i kystskogsamarbeidet. Fylkeskommunene er, gjennom rollen som regional utviklingsaktør, gitt et helhetlig ansvar for regional nærings- og samfunnsutvikling. Gjennom regionreformen har denne rollen blitt ytterligere tydeliggjort på landbruksområdet. Gjennom *Melding om kystskogbruket* har de deltagende fylkeskommunene tatt et felles, helhetlig ansvar for Kystskogbrukets næringspolitiske utvikling. Dette gjennom å presisere kystfylkenes muligheter og behov i nasjonal skogpolitikk, samt gjennom regional næringspolitikk. Sentralt i fylkeskommunenes portefølje er ansvaret for fylkesvegene, og rollen som bestiller av nye, bærekraftige bygg, f.eks. til videregående skole. Felles fylkeskommunalt oppfølgingsprogram (FOP) ledes av en fylkeskommunalt oppnevnt styringsgruppe som har ansvaret for oppfølgingen av Kystskogmeldinga.

Skognæringa Kyst er en sammenslutning av skog- og trenæringsnettverka i de involverte fylkene, og er skognæringas verdikjedesamarbeid i Kystskogbruket. Styret i Skognæringa Kyst har ansvaret for felles innovasjons- og utviklingsprosjekter, koordinering av innsatsen, og kunnskaps- og erfaringsutvikling aktørene imellom. Skognæringa Kyst arbeider for å øke aktiviteten og verdiskapinga i kystfylkene med utgangspunkt i *Melding om kystskogbruket*.

Statsforvalteren har ansvar for å følge opp nasjonal landbruks- og matpolitikk regionalt og lokalt. Gjennom regionale tilpasninger, skal de bidra til å opprettholde et levende og mangfoldig jordbruk og et bærekraftig skogbruk. Statsforvalterens representasjon i Kystskogbruket skjer gjennom statsforvaltergruppa. Statsforvalteren bidrar med fagkunnskap om skogressursene, oversikt over aktivitetsnivå og utvikling av skogressursene.

Til sammen utgjør trepartssamarbeidet et stort system hvor noen oppgaver løses innenfor det enkelte fylket, mens andre oppgaver løses i et fylkesovergripende samarbeid. Dette forutsetter effektiv kommunikasjon, slik at relevant kunnskap og erfaring tilflyter alle deler av samarbeidet. Dette er nøkkelen for å utløse potensialet i samarbeidet!

Faksimile av s. 12 i «Melding om kystskogbruket 2022».

Samarbeid med NIBIO

Furu i nord

Hovudmålet i dette prosjektet var å undersøke eigenskapane til konstruksjonsvirke av furu frå Troms og Finnmark, (sjå TS- 2021, s. 47). Bøyefasheit, E-modul /stivheit og densitet vart undersøkt

Resultata føreligg i NIBIO rapporten «*Furu i nord – Egenskaper til konstruksjonsvirke av furu fra Troms og Finnmark*», (NIBIO rapport, vol. 7, nr. 134, 2021, 32 sider). Forfattarar Eirik Nordhagen (NIBIO), Olav A. Høibø og Geir I. Vestøl (NMBU).

Frå kapittel 4. Diskusjon og konklusjon på sidene 27 – 29, tar vi med desse utdraga:

«Det er naturleg at ein finner lavere bøyefasthet, E-modul og densitet på dette materialet fra nord i Norge. Den lavere bøyefastheten og E-modulen skyldes i stor grad lavere densitet, som er forårsaket av kortere vekstsesong, som gir mindre andel senved og større andel tynne veggceller. Det påvirker spesielt E-modulen (Vestøl et al. 2012), men også bøyefastheten. (s. 27).

- - -

En kunne forventet lavere densitet enn det som ble funnet. Densiteten er det kriteriet som oppfylles for alle sorteringsklassene i sorteringen etter INSTA 142. Det kan skyldes stort innhold av harpiks. (s. 28).

- - -

Avtagende E-modul med avtagende dimensjon skyldes i hovedsak avtagende densitet (Høibø et al. 2010, Vadla 2008) og økende kvistdiameter med økende høyde i treet. De bestandene som ga de lavest verdiene for bøyefasthet og E-modul var relativt unge. (s. 28).

- - -

Ved å produsere og bruke konstruksjonsvirke lokalt etter kravene i standardene vil dette kunne tilfredsstilles krav gitt i Plan og bygningsloven (PBL, 2019) og Byggeteknisk forskrift (TEK17, 2019). Dette kan bidra til økt aktivitet i næringslivet i Troms og Finnmark og samtidig lokal verdiskaping som kommer hele regionen til gode. (s. 29).»

«Gran i nord»

I 2022 vart forprosjektet om styrkeegenskapar til granvirke i Nord-Noreg gjennomført. Frå omtale av forprosjektet tar vi med frå www.nibio.no:

«Og selv om dette bare var en liten undersøkelse, er forskerne fornøyd.»

– I gjennomsnitt har grana i nord noe lavere tetthet enn det som er funnet for gran fra Sør-Norge. Men, for noen av områdene i nord er tettheten på nivå med gran fra Sør-Norge, forklarer NMBU-professorene Olav Høibø og Geir Vestøl.

Tidligere forskning har vist at fiberlengden øker med treet's alder. I tillegg tyder resultatene på at også granvedens tetthet øker etter hvert som treet blir eldre.

– Smalere årringer ytterst, etter hvert som treet blir eldre, gir både økt styrke og stivhet. Vi forventer at egenskapene til nord-norsk gran brukt til konstruksjonsvirke vil bli bedre når det produseres av eldre gran.

Når trærne blir eldre øker også diameteren, og sagbrukene kan skjære trelast i større dimensjoner. Da får kvist mindre betydning for plankenes mekaniske egenskaper.

De foreløpige resultatene gir skogforskerne grunn til optimisme. Undersøkelsene tyder på at styrkeegenskapene blir bedre med alderen og at nordnorsk grantømmer kan være egnet til konstruksjonsvirke. Det gir muligheter for utvikling av trelastindustri i nord.

(Tekst frå www.nibio.no: Publisert 10.03.2023 av: Lars Sandved Dalen).

SKOGENS TILSTAND OG VEKST

Vêret 2022

Medan *januar* hadde middeltemperaturar rundt det normale, kom det mykje nedbør i heile fylket, fleire stader over det dobbelte av normalen.

Ei veke ut i januar var det uvêr med mykje snø og fokk i sørfylket. Snødjupna var 77 cm i Harstad den 7.

Frå midten av månaden vart ein kald og tørr vêrtype avløyst av ein uvêrsperiode med mykje nedbør, tidvis som regn, men mest snø og med mykje vind innimellom. Det var fokk og rokk med stengte vegar og rasutsette område. Mange stadar var snødjupna over ein meter. I Tromsø vart det målt 96 cm den 28., Bardufoss 89 cm den 18. Nord-Straumen 31.cm den 16. og Skibotn 57 cm den 18.

I denne bolken vart det òg sett nokre vêrrekordar i fylket. 24. januar vart det målt 8,1 grad på Holt i Tromsø. Førre rekorden for januar var frå 2006 med 8,1 gradar. Sørkjosen i Nordreisa og Nordstraumen i Kvænangen målte begge same dag 11,3 gradar. Vêrstasjonen i Nordreisa har vore i drift sia 1974, og førre toppmåling var frå 5. januar 2006 med 10,6 gradar. Nordstraumen som har vore i drift frå 1965 hadde sin rekord på 11,0 gradar frå 2. januar 1993.

Fire stasjonar fekk nye januar rekordar for høg månadsnedbør. I Harstad vart det målt 265 mm ,førre rekorden var på 173 frå 2020. Stasjonen har vore i drift frå 2003. Dei 3 andre var Grunnfarnes med 274 mm (255 i 2000, i drift frå 1986), Ytre Holmbukt 220 (191 i 2017. I drift frå 2004) og Skibotn II med 77 i 2017. I drift frå 2004).

Februar var kjøligare og tørrare enn normalen og med stabilt snødekke.

Vêrstasjonane ved Bardufoss flyplass og Dividalen fekk om lag like mykje nedbør, 48 mm og 49 mm. For Bardufoss var dette 82 prosent av normalen, medan det vart 205 prosent av normalen i Dividalen. Mot månadsskiftet februar/mars kom ein uvêrsbolk med kraftig vind, snø, sludd og regn. Sist i februar var snødjupna 87 cm ved Vêrvarslinga i Tromsø, 53 cm på Bardufoss, 45 i Harstad og 17 i Nordstraumen.

Mars var meir nedbørsrik og varmare enn normalt. Middeltemperaturane for månaden låg 2 til 4 gradar (Bardufoss 4,7) over det normale, Sjølv om den siste veka vart kaldare. I Tromsø, vart det ny marsrekord for maksimumstemperatur. Den 12.

mars vart det målt 9,7 gradar. Den førre rekorden var 9,1 frå 28. mars 2007. Stasjonen har vore i drift sia 1925.

Ei veke ut *i april* kom døgnmiddeltemperaturen på pluss sida, og det tina godt. Den 22. kom gradestokken over ti gradar på fleire av vårstasjonane i fylket, men frå den 25. fekk vi ein kjølig og snørik periode som etter kvart gjekk over til regn, og som varte ved til over 17. mai med nokre få, litt varmare dagar innimellom. 8. mai var det 40 - 50 cm snø på flate jordet i Fagerlidal. Etter ein våt og hustrig 17. mai kom varmen eit par dagar etter. Ved målestaven ved Vêrvarslinga i Tromsø var det snøfritt 19. mai. På innlandet var det snøheilt litt opp i liene, og på dei flate jordene var det enno litt snø. Men i det varme, tørre vêret vi no fekk, tina det fort. Temperaturen kom over 20 gradar fleire stadar i fylket. Snøgrensa kraup oppover liene, og skogen grønskas. I Målselv låg snøgrensa rundt 400 meter siste dagen i mai. Mai fekk eit klart skilje mellom ein kald og våt/særs våt bolk før nasjonaldagen og ein varm og tørr del etter.



Andsvatnet – Øse – 17. mai 2022



Andsvatnet – Øse – 5. juni 2022.

1. juni vart det målt 21,9 ved Vervarslinga i Tromsø, men etter ein 2- 3 dagar var temperaturane under normalen, og låg deretter rundt normalen heilt til siste veka av juni, da gradestokken mange stader passerte 30- streken, og det vart sett fleire rekordar for høgste temperatur for denne månaden rundt i fylket, med den 28. som den store rekorddagen (varmast målt i Skibotn med 31,9 gradar, Bardufoss 31,4 og Sørkjosen lufthamn 31,2). Lite nedbør, og etter kvart litt tørt einskilde stader i ein elles god vekstperiode. Tørrast var det i midt fylket der fleire av målestasjonane hadde rundt det halve av normal nedbør, Bardufoss målte 16,9 mm som er 37 % av normalen.

Også dei første dagane av juli vart det målt over 30 gradar fleire stadar i fylket, før det heile fall meir tilbake til det normale. Temperatursvingingane var jamt fordelt utetter månaden. og vêrstasjonane endte opp med middeltemperaturar like over normalane. Det var nedbør i rundt halvparten av dagane i juli, og i rikeleg mengde. For veksten sin del var dei godt grupperte gjennom månaden, men med noko ujamn mengde og skikkeleg rotbløyte einskilde stader (Grunnfjord – Stakken i Karlsøy sette rekord for døggnedbør med 48 mm 27. juli. Førre rekorden var 31 mm den 19. juli 1975). Nedbørsmengda på målestasjonane vart målt til 2 til 3 gonger det normale.

Stasjonar med ny juli-rekord for høg månadsnedbør.

Harstad stadion	115	«	-	«	196	«	2021	-	«	«	1987
Grunnfarnes	277	«	-	«	196	«	2021	-	«	«	1987
Tromsø (Holt)	153	«	-	«	141	«	2013	-	«	«	2002
Skibotn II	92	«	-	«	87	«	2017	-	«	«	2006

I dagane før og etter månadsskitet *juli/august* var det varmt og tørt. Middeltmperaturane for august på vêrstasjonane var ein halv til ein grad over normalane, medan det kom 1,5 til 2 gongar meir nedbør.

Nordlys skreiv 30. august at årets sommar var ein av dei beste i manns minne. - Mangt kan leggst til grunn når det skal vurderast. – MET-info, som Meteorologisk institutt gjev ut, har ein samla klimatologisk oversikt over sommarmånadene – juni, juli og august. Dersom ein ser på antal sommardagar i desse månadane (for at det skal vere ein sommardag må temperaturen kome opp i 20 gradar eller meir) så hadde Tromsø 23 slike dagar, berre slått av 1960 og 2013 som hadde 26. Elles var det 16 i Harstad, Bardufoss hadde 31, Skibotn 27, Sørkjosen 22 og Nordstraumen 25.

I Nordlys er det tatt med ein oversikt over sommardagar i Tromsø det einskilde år frå 1937 til 2022. Ingen år har null, men 1981 og 1995 har berre 1 sommardag. Av dei 6 som har 2, nemnest 2008 og 2012.

September litt kjøligare enn normalen, og særst tørr – stort sett ein tredjedel av normal nedbørsmengde.. Varmaste dagen var den 22. med over 16 – 17 gradar fleire stadar i fylket. Bardufoss målte første frostnatta 2. september med -2.2 gradar, Dividalen -1,7 same døgn og Skibotn -1,5 siste dagen i månaden.

Tromsø hadde -2,7 den 1. oktober. Første frostnatta på vêrstasjonen i Harstad var 24. oktober med – 01 grad. I Nordstraumen vart det målt 0,1 grad 21. oktober.

Oktober måned vart jamt over litt varmare og våtare enn normalen. Snøen kom stadig lenger ned i fjell- og lisider. Laurdag 22. oktober gjekk nedbøren så smått over til snø, og søndags morgon var det snødekt mark i låglandet (sjå bilde). I Tromsø var snødjupna 8 cm den 24. Her forsvann snøen før oktober var omme, men han vart liggande på innlandet der nedbøren no stort sett kom som regn og snølaget gjekk



Planteskolen søndagsmorgon 23. oktober 2022 – vinterens første snø.

utetter *november* over til ei skrøppande isskorpe.(15/11). Heile november var snødjupna på vêrstasjonen på Bardufoss flyplass stabil opptil 9 cm. Langs kysten var det bermark. Siste halvdel av november var kjølig og nedbørsfri. For månaden under eitt var temperaturen stort sett litt over normalen – på Bardufoss vart siste delen kald i det tørre vêret. Det var tørt, og tørrast nord i fylket.

Nedbøren kom med *desember* og snømengda auka sakte på. Julaftan var ho på det høgste i Tromsø med 65 cm, same dag var ho 54 cm på Bardufoss og 40 cm i Harstad på litle julaftan. Mot årsskiftet sokk snøen i hop. Ned til ein halv meter i Tromsø, 20 cm i Harstad og 37 cm å Bardufoss.

Med litt rufsate vêr einskilde stadar i romjula, vart desember litt kjølig med middeltemperaturar stort sett -1 til -2 gradar under normalen og nedbør 50 – 70 prosent av normalen, minst nedbør i midtfylket.

2022	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES	ÅR
						TEMPERATUR							
Harstad	-1,8	-2,7	2,2	1,9	6,8	11,5	13,5	12,9	9,1	5,1	2,3	-1,7	4,9
Normal	-1,8	-2,2	-0,7	2,4	6,6	9,9	13,2	12,4	8,9	4,3	1,4	-0,5	4,5
Bardufoss	-8,2	-10,7	-0,4	0,2	6,5	12,6	14,0	12,8	7,2	2,0	-6,7	-10,1	1,6
Normal	-9,7	-9,1	-5,1	0,6	6,0	10,7	13,7	12,3	7,4	0,8	-4,7	-7,8	1,3
Tromsø	-2,8	-4,2	-0,9	1,0	6,2	11,2	13,2	12,1	8,0	4,0	0,6	-2,5	4,0
Normal	-3,0	-3,3	-1,9	1,2	5,5	9,4	12,3	11,3	7,8	3,1	0,2	-1,7	3,4
						NEDBØR I MM							
Harstad	265	64	84	59	71	36	115	115	22	69	43	76	1019
Normal	129	95	100	53	44	39	55	58	77	94	78	90	909
Bardufoss	170	48	62	48	69	17	124	64	22	71	28	40	763
Normal	69	59	62	34	34	46	63	65	71	72	56	73	706
Tromsø	216	71	157	76	112	29	161	142	36	176	36	80	1292
Normal	108	97	97	71	57	58	73	88	111	127	94	110	1094
						SOLTIMAR							
Tromsø													
Normal	3	31,8	112,4	160,0	217,9	220,7	205,0	167,2	92,1	48,3	6,3	0	1264
						SNØDJUPNE CM							
Tromsø						Snøfritt 19. mai							
Normal	60	82	94	91	29				5	18	40		
Største snødjupne	96	106	97	80	52				8	1	65		
Dato	28.	12.	8.	2.	1.og 4				24- 28	25-27og29	24.		

Kjelder: MET info Været i Norge- klimatologiske månedsoversikter; yr.no/nb/historikk; aviser, Troms skogselskap og egne notat.

Skogtilstanden

Skogen stod grønn og frodig gjennom vekstsesongen

Størstedelen av den produktive skogen i Troms er gammel bjørkeskog som er godt og vel hogstmoden. Mykje virke/store verdier kan takast ut ved hogst, samtidig som det vert lagt til rette for forynging, større verdiproduksjon og karbonbinding – naturleg eller ved planting.

Skogbruk og miljø.

5 million dekar av skogen er upåvirka av skogsdrift.

Det totale skogarealet i fylket er 8,4 mill. da, og utgjør ca. en tredjedel av fylkets areal. Over halvparten av dette er produktiv skogsmark. Økonomisk drivbart skogareal er ca. 30 prosent av det totale skogarealet.




Gammel bjørkeskog mot Andsfjellet – ca. 380 moh.

Store tre

Talet på store tre aukar. Figuren nedanfor syner talet på tre over 30 cm i diameter i Troms i 4 landsskogtakstar. Samanlikning mellom dei einsskilde takstane er påverka av at taksert areal har auka. (Tatt frå eit føredrag av seniorrådgjevar Stein Tomter, NIBIO). Skilnaden mellom takstane 2005-09 og 2014-18 syner klårt at treantalet over 30 cm i brysthøgde har auka, særleg for furu.

TREANTALL FOR DIAMETERKLASSE ≥ 30 CM(MILL.)



Skogens vekst

Vår og vekstsesong

Sist i mars livna det etter kvart til i gåsungar på seljegrain. På oldra strekte hannraklane seg, og i godvêret midt i april kom olderpollen i lufta, og den 20. var ein del av hannraklane tomme. I det kjølige vêret med snøbyger frå 25. april og utover i mai gjekk det seint, men raklane på older og osp synte sakte framgang. Knopane på hegg og rogn vaks og vi såg i lauvet. Rett etter ein kald 17. mai strekte dei nye blada seg ut. (20/5). I dagane fram til 26. mai, steig temperaturen jamt, utviklinga i skogen auka og den 26. mai var skogen grøn i Målselv. På ein tur til Tromsø 24 mai var det mykje grøn skog langs fjordsidene, men det hang etter fleire stader, særleg gjaldt dette gamalbjørka.

Sist i mai strekte furuknoppane seg på innlandet, spreidde gule granknoppar braut fram, og i månadsskiftet blomstra hegga i Fagerlidal (1/6). Ein tre fire dagar ut i juni vart det kjøligare vêr, og utviklinga i skogen gjekk saktare. Rogna kom smått om seint, og ein ti dagars tid ut i månaden var det ein god del blomster å sjå.(17/6)

I månadsskiftet juni/juli var middels toppskotlengde på grana nedanfor Skogbrukets hus ca. 15 cm. Det var god vekst i dagane rundt månadsskiftet, og nokre av dei lengste toppskota nådde trettitalet ei veke uti juli.

Ein god vekstsesong med mange varme dagar. Skogen stod grøn og fin. I år som i fjor synest årsskotta på grana å vere litt kortare enn året før.

Haust

Ei veke ut i september ana ein i haustfagar, og midt i månaden var det haustfarga skog på innlandet. På ein tur til Tromsø til skogdag 14. sept. var det haustfarga skog heile vegen. Lite lauv var foren til 24. sept., men frå da fekk vi bra med vind eit par tre dagar, og mesteparten av lauvet bles av skogen i låglandt. Frå og med 28. kom ei veke med nattefrost. Bjørkeskogen stod svart ved inngangen til oktober, men spreidde vier, seljer og oldrer sette litt farge i liene.

Kvæfjord

«Notat basert på egne observasjoner i Kvæfjord i løpet av 2022».

(Leif Evje, Tidlegare skogbrulssjef i distrikt 1, og nestleiar i styret for Troms skogselskap).

Vær og vekst:

Januar blei en måned med mye vær og uvær. Det vekslet mellom snø og regn og til sammen blei det mye nedbør, og det var flere dager med sterk vind. I februar var det mer stabilt vintervær. Men vind gjorde at det blei stor variasjon i snødybden. Ved månedsskiftet februar mars kom det sørvest storm med mildvær og regn. Vinden reiv mye kvist og smågreiner av skogen. Enkelte marker langs fjorden blei snøbare, mens det ennå lå igjen 1 meter i skogen.

Mars fortsatte mildvær, regn og flere dager med sterk vind.

20. mars var det store gåsunger på selje i lavlandet. Telen var borte mange steder i lavlandet. Litt opp i høyden ligger det fortsatt 1 til 1,5 meter med snø.

Siste uka av mars ble det igjen vintervær med snø, nordavind og kuldegrader.

Første del av april var kjølig med nordavind og snøbyger. I løpet av noen dager la det seg 40 cm snø.

Midt i april ble det mildere og lite nattefrost, så omkring 16. april var det stort sett bare marker igjen i lavlandet. I Kvæfjordmarka lå det ennå 1,5 meter snø i 250 meters høyde.

17. april var det tydelig sprett i knopper på rognetrær og godt utsprungne gåsunger på selje.

19. og 20. april blei det finvær og temperaturer opp til 12 -14 grader.

Tining gikk greit med åpne bekker og forholdsvis lite tele i marka.

25. april blei det værømslag til nordvest vind med kuldegrader og snøbyger. I løpet av de neste dagene la det seg ca 30 cm snø i lavlandet og mer opp i høyden. 30. april ble det litt mildere igjen så det tinte mer enn det snødde denne dagen.

1. mai tinte det så det blei delvis barmark i lavlandet, men de neste dagene blei det nye snøfall med litt tining på dagtid. Til dels karftig nordavind.

6. mai blei det sørvest med regn og litt høyere temperaturer, så det meste av snøen i lavlandet forsvant igjen.

Veksten har stått nesten helt stille de siste ukene. 6.mai står enkelte rognetrær med 3 cm stor bladknopper. Selje står med full blomstring.

8. mai la det seg på nytt 15 cm nysnø. I løpet av dagen smeltet en god del igjen i lavlandet, med i høyden blei det stadig mere snø.

Fram til og med 17. mai fortsatte det med kjølig vær og flere snøbyger.

18. mai begynte det å klarne opp. Det gav nattefrost noen steder, men sola klarte å varme opp neste dag.

20. mai ble det tosfra med varmegrader og veksten kom i gang. 21.mai hadde mange bjørketrær fått musører og på rogn folda bladene seg ut.

22. mai var det flere lerketrær som hadde fått lysegrønne barnåler.

25. mai stod bjørka full-lauvet i lavlandet.

28. mai var det sprett i ospelauvet.

30. mai var det grønn skog helt opp til skogrensa.

Siste halvdel av mai var uvanlig varm og det blei god start veksten.

31. mai hadde strekningsveksten begynt på furu.

1. juni var det synlig vekst i endeknopper på gran.

4. juni blomstret heggen.

10. juni blomstret rogn. Kraftig blomstring på molte, blåbær har noe mindre blomstring.

26. til 29. juni ble det varme dager som ble avslutta med ei tropenatt.

Ingen blomstring på gran i år.

Juli begynte og slutta med varme soldager. Ellers var det en del gråværsdager med regn og solgløtt innimellom. Gode vekstforhold i denne måneden.

I starten på september var det bare øverst i skogbandet at bjørka var begynt å gulne. Ellers stod skogen med friske farger. Bare små og spredte forekomster av bjørkerust.

Natt til 4. september var det nattefrost på utsatte steder.

17. september var det lauvfall på bjørk over 200 moh.

22. september var all bjørkeskog gulfarga.

Dagene fra 24. til 27. september var det kraftig sørøst vind som tok en god del av gjenværende lauv. Samtidig var det sol og dagtemperaturer på opp til 15 grader.

1. og 2. oktober var det nattefrost mange steder.

3. oktober var nesten alt lauv borte på ospetrær.

En sørvest kuling 6. oktober tok med seg mye av gjenværende lauv i skogen.

9. oktober la det seg nysnø over 750 moh.

23. oktober var det kraftig vind som tok resten av lauvet på seljer. Det la seg litt snø helt ned til fjæra.

De første dagene i november var milde med temperaturer opp til 11 grader. Mye av snøen tinte helt til fjells.

Siste halvdel av november var preget av østvær og lite nedbør. En periode var det spesiell med flere varmegrader oppe i fjellene og kuldegrader i lavlandet. Etter hvert blei det en del svullis i grøfter og myrdrag. Det blei god tele i bakken.

Notata om: Blomstring; Skadar; Bær og sopp; Småvilt er òg tatt med under disse avsnitta i årsmeldinga.

Blomstring:

Det var ikke blomstring på gran i år.

Stedvis var det god frøsetting på bjørk.

Det var normale mengder med rognebær.

Skader:

Som venta blei det en del lauvmakkangrep i bjørkeskogen. I følgende områder var angrep såpass sterke at skogen var preget av misfarga og glissent lauv: Storjord, Strømsdalen, Hundstadseter og Vebostadseter og Austerfjorden.

Fra Austerfjorden fikk en høre at måsen samlet seg i flokker og satt i bjørkeskogen og spiste av lauvmakklarvene.

Det gikk relativt kort tid fra larvene var klekt fra egg til de hadde slept seg ned på bakken. Så veksterlige trær fikk rakk å sette en del nye skudd med hele blad. Men i noen områder med gammel bjørkeskog som var svekket fra tidligere angrep, ser det ut til at en del trær vil dø.

Bær og sopp:

2022 blei et år med ujamne forekomster av skogsbær. Stedvis var det gode forekomster av molte og blåbær. Opp mot snaufjellet var det en god del bær som ikke rakk å modnes i år.

Det blei et år med store mengder sopp av alle slag. På lune steder inne i plantefelt kunne en finne brukbare kantareller seint på høsten.

Småvilt.

Det var en del lokal variasjon i rypebestanden. Men jevnt over var det store kull.

Bestanden av orrfugl er noe lavere enn det har vært tidligere år.

Harebestanden er rekordstor i deler av kommunen.

Det er fortsatt lav bestand av rødvrev.

Det er mye smånagere så bestanden av røyskatt er økende og i 2022 var det god hekking av ugler og dagrovfugler.

Skadar på skogen

Skogen på innlandet, og i store delar av fylket, stod grøn og frodig. Ingen skadar skilde seg ut. Unntak: Lauvmakk i Kvæfjord.

Insekt

Lauvmakk. Mest ikkje registrert, med unntak av sørfylket. Gamle skadar der lauvet er sterkt redusert vert av og til oppfatta som nye åttak.

«*Sørfylket* Som venta blei det en del lauvmakkangrep i bjørkeskogen. I følgende områder var angrep såpass sterke at skogen var preget av misfarga og glissent lauv: Storjord, Strømsdalen, Hundstadseter og Vebostadseter og Austerfjorden.

Fra Austerfjorden fikk en høre at måsen samlet seg i flokker og satt i bjørkeskogen og spiste av lauvmakklarvene.

Det gikk relativt kort tid fra larvene var klekt fra egg til de hadde slept seg ned på bakken. Så veksterlige trær fikk rakk å sette en del nye skudd med hele blad. Men i noen områder med gammel bjørkeskog som var svekket fra tidligere angrep, ser det ut til at en del trær vil dø.» (L.E.)

Smågnagarar

Ikkje synberre skadar, men mykje smågnagarar om hausten. I Målselv var det særleg raudmus og gråmus ein såg. Kvæfjord: «Det er mye smånagere så bestanden av røyskatt er økende.» (L.E.).

Skogtreas blomstring og frøsetting

Bartre

Furu

Svak blomstring.

Pollenfall på innlandet – litt spreidd utetter juni, mestparten kom i varmvêret i slutten av månaden.

Liten tilgang på toårs konglar.

Gran.

Svak til inga blomstring på grana.

(Kvæfjord: Ikkje blomstring på gran i år).

Lauvtre

Bjørk - svak blomstring. I Kvæfjord stadvis god blomstring.

Osp - god

Older – god blomstring - i Målselv pollenfall frå midten av april.

Hegg – Målselv: god blomstring, lite bær. Andselv blomstring i månadsskiftet mai/juni.

Rogn – Målselv: blomstring, ca. 10. juni, lite bær. Normale mengder rognebær i

Blomstring (rapportert frå skogfunksjonæraane):

	Sanke- område	Dato for pollenfall Gran	Blomst- rings- styrke Furu	Tilgang på konglar			Merknader
				Gran	Furu	Andre treslag	
Distrikt I	W/Y-1	-	0	1	1	Sit/lutz 2 Dunbjørk 2 Rogn 2	Harstad Kvæfjord, stedvis normal
Distrikt II	X-1	-	-	-	-		
Distrikt III (Måselv og Bardu)	X/Y-1	-	1	1	2	Dunbjørk 1 Rogn 1 Hegg 2 Older 3	Pollenfall furu 26.06
Distrikt IV	Z-1	-	-	-	-		
Distrikt V	Y/X	-	-	1	2		Balsfjord
Distrikt VI	Z/X-1		-	-	-		
Distrikt VII	X-1	-	-	-	-		

Kode: 0: ingen, 1: dårleg (svak), 2: god, 3: mykje god, 4: svært god. -: ikkje registrert.

Vi manglar furufrø sanka i Troms – meld frå om planlagte hogstar i furuskog der det kan vere mogleg å plukke konglar.

Kongleprøver og konglesanking

Totalt ble det plukka 422 kg furukonglar i Måselv i 2022.

«I løpet av seinvåren ble det plukka på Moen og flere felt på Alapmoen, spesielt nadenom Tølløvsbakken. Her var deler av hogsten mer en frøtrestillingshogst. Totalt ble det sendt inn 319 kg kongler til Skogfrøverket 31.5.2022.

Høsten 2022 ble det plukka 103 kg kongler på Olsborg, mellom skolen og Hestesenteret. Disse konglene blir sendt Skogfrøverket i løpet av januar 2023. Det er behov for mye furufrø i åra som kommer, derfor er det viktig at vi får meldinger om hogst og tynning i furuskog, slik at vi kan sanke inn kongler.»

Spireanalysar frå Skogfrøverket

Frøprøvar som vart sende inn til Skogfrøverket for analyse, synte særst god spiring.

Frå Målselv kommune vart det sendt inn 1 prøve, prov. X1 - plukka 28.10. 2022
Sør- Varanger; sendt inn av Statsforvaltaren, 1 « « Æ1 - « 01.11. 2022

Proveniens	Moh	Lokalitet	Kommune	Vatn %	Frøutbytte % kg/kg	Tomfrø %	Røntgen/ snitt. %	Spiring % 14 d
X1	63	Olsborg	Målselv	27,5	1,10	21	96	96
Æ1	80	Grorud	Sør-Varanger	32,5	2,04	7,5	98	97

Skogsbær

Eit godt molteår. Under middels for blåbær og tyttebær. Bringebær middels.

Blåbær. Det som såg ut til å bli eit godt blåbærår, slo ikkje til. Mengda bær var mange stadar brukande, men bæra var for ein stor del små og tørre. Nokre stader delvis gråaktig.

Tyttebær. Ujamnt, lite til middels. Bærhausten på furumoane heng mykje saman med hogst og skjøtsel i skogen – beite er det lite av.

Kvæfjord: «2022 blei et år med ujamne forekomster av skogsbær. Stedvis var det gode forekomster av molte og blåbær. Opp mot snaufjellet var det en god del bær som ikke rakk å modnes i år» (L.E.)

Sorfjord: Litt under middels med blåbær, litt dårleg kvalitet. På store områda med tyttebær der det før var invasjon av plukkarar utanbygdsfrå, er skogen vakse til. Hogst og skjøtsel må til skal det bli bær. Brukbart med bær i høvlege opningar (V.J).
Bringebær. Middels, helst på litt frodig, lett fuktig jord (Målselv).

Molte

Jamt over eit særst godt molteår.

Kvæfjord. «Stedvis var det gode forekomster av molte» (L.E.) Storfjord: «Dei beste førekomstane litt opp i høgda» (V.J.)

Målselv: Mykje bær. Tidleg moden. «2.august pukka vi 15 kg molte på 400 meters høgde i Dividalen. (Geir Kvammen).

Matsopp


Godt soppår, som vanleg med variasjonar.

Det var mange varme dagar i juli og august med rikeleg nedbør, medan september, særleg første halvdel, var nedbørsfattig.

På innlandet var det ikkje like store førekomstar av kantarell i år som dei to førre åra. «Det blei et år med store mengder sopp av alle slag. På lune steder inne i plantefelt kunne en finne brukbare kantareller seint på høsten». (Leif Evje Kvæfjord).

VILT – SKOG

Elg



I 2022 vart det felt 1791 elg i Troms mot 1740 i fjor. Dett er høgste talet på felte elg som Statistisk sentralbyrå har registrert. Førre toppen var 1753 dyr i 2017.

Fellingsprosenten litt over 70. (Målselv 76%, i fjor 83).

Felte elg i dei einsskilte kommunane 2022.

Kommune	Felte elg	Kommune	Felte elg	Kommune	Felte elg
Målselv	276	Kvæfjord	84	Ibestad	53
Senja	184	Salangen	82	Gratangen	39
Bardu	177	Nordreisa	66	Lavangen	29
Balsfjord	152	Sørreisa	61	Lyngen	26
Tjeldsund	151	Karlsøy	58	Kvænangen	16
Tromsø	108	Dyrøy	57	Kåfjord	13
Harstad	100	Storfjord	54	Skjervøy	5

Avgang av hjortevilt utanom ordinær jakttid.

Elg

I jaktåret 2021 – 2022 (frå 1. april 2021 til 31. mars 2022), har Statistisk Sentralbyrå registrert **171 fallvilt av elg i Troms**. Jaktåret før var det 140.

Av desse 171 vart **83 påkøyrd av bil**, 36 førre jaktår. Flest trafikkdrepte elg var det i Tjeldsund med 13 av i alt 16 fallvilt, Målselv med 10 av 38, Senja 10 av 18, Harstad 9 av 24 og Kvæfjord med 8 av 10.

Rådyr

6 av i alt 7 fallvilt vart påkjørt av bil. (3 i Målselv, 2 av 3 i Balsfjord og 1 i Storfjord).

I årsmeldina for kalenderåret 2022 frå skogbruket i Målselv kommune står det om fallvilt:

«Det er registrert 22 fallvilthendelser i 2022:

Elg: 17 hendelser, 11 hendelser der 5 elg døde eller ble avlivet i forbindelse med påkjøring, 6 hendelser i forbindelse med sykdom og skader, 6 er døde.

I fallvilthendelser måtte 11 elg bøte med livet.

Rådyr: 5 hendelser, 3 rådyr ble påkjørt, der 3 av dyrene måtte bøte med livet. 1 dyr ble felt av sikkerhetshensyn.

I fallvilthendelser måtte 4 rådyr bøte med livet. (*Årsmelding Skogbruk 2022, Målselv kommune*).

Elg - trafikkdrept

Elgpåkøyrslar er eit stort problem, særleg i snørike vintrar. I tillegg til dei 83 trafikkdrepte elg i jaktåret 2021 -2022, kjem dei påkøyrslar der elgen greidde seg – kan hende med lettare skadar. Tal frå årsmeldinga 2022 for Målselv (avsnitta like ovanfor), syner at 5 av 11 påkøyrde elgar vart avliva. I tillegg kjem mindre hendingar som ikkje er registrerte, og truleg òg nokre farlege trafikksituasjonar.

Tiltak for å minske viltpåkøyrslar.

Både kommunane og Statens vegvesen arbeider med tiltak for å fa ned viltpåkøyrslane.

Prosjekt Forebygging av viltpåkøyrslar i Målselv kommune 2022

Prosjektet har tatt utgangspunkt i registrerte ulykke mellom kjøretøy og hjortevilt og gjennomført siktrydding i områdene. Det har i løpet av høsten/sein høsten blitt ryddet langs Innsetvegen. Det er brukt et tilskudd på kr. 107 250,- fra Troms og Finnmark fylkeskommune samt kr. 30 000,- fra Viltfondet. (*Årsmelding skogbruk, Målselv kommune 2022*).

Statens vegvesen – tiltak for å hindre viltpåkøyrslar.

Statens vegvesen har i fleire år prøvd ut ulike tiltak med skilting og viltskremser for å hindre påkøyrslar av hjortevilt. Desse er nemnt og delvis kort omtalt i skogselskapet sine årsmeldingar frå 2014 og fram til i år.

Etter vegane i Troms har vi sett både skilt, blinkande gule lys og blå refleksar. Ved dei blinkande gule lysa er det informert om at det er viltnemnda som står for aktiveringa. Dette har vore ei påminning til bilførarane om at det er elg i området, men kva veit ein om kor stor nytta er?

Litt frå arbeidet til Statens vegvesen (sjå TS årsmelding 2021 , s. 64 – 66):

To rapportar om effekt og nytte av tiltak mot viltpåkøyrslar

1. «Skilt med gulblink for varsling av elgfare i trafikken». NINA-rapport
2. «Statens vegvesen sine forsøk for å redusere antallet viltpåkøyrslar».

SVV (Statens vegvesen) rapport.

Frå samandraga:

«Fartsmålinger utført i et av Statens vegvesen sine forsøk viser at gjennomsnittsfarten kun går ned med ca. 1 km/t når gult varselblink varsler om stor elgfare.»

«Funnene som er gjort i Norge samsvarer stort sett med funn som er gjort i andre land. Summen av konklusjonene gjør at Statens vegvesen har anbefalt et nytt oppfølgingstiltak i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2022 – 2025...»

Tiltak i elgforvaltning – bestandsstorleik.

Den lokale viltforvaltninga er tillagt kommunane. Dei fleste kommunane har viltnemnd som ivaretar kommunen sitt ansvarsområde innan dette feltet.

Planar for elgforvaltninga er utarbeidd.

Storleiken på elgstammen må vurderast opp mot ulemper som kan følger med, til dømes elgpåkøyrslar, skogskadar, skadar på rundballar, skadar i hagar mm.

Beiteskadar på skog er ein særleg utsett for på furumoar og plantefelt der trykket av vinterbeite er stort. Her kan både kvalitet og framtidig produksjon bli sett kraftig tilbake.

Fellingskvoter er effektive for å regulere bestanden, og elgtelling gjev eit godt grunnlag for vurdering og fastsetting av desse.

Her tas med at Balsfjord i år har auka fellingskvota monaleg, og Målselv har foretatt to tellingar. Den siste som var ei oppfølging, vart gjennomført i mars 2023 (takast med her da dei to tellingane bør sjåast i lag).

Auke av fellingskvota i Balsfjord.

Balsfjord auka kvota for felling av elg frå 144 i fjor til 191 i år. Fleire jegarar og jaktleiarar uttalte til Nye Troms (30/8- 22) at dei var redd for at dette «ville ta knekken på elgstammen i kommunen.» Det vart felt 152 elg.

Elgtelling i Målselv.

I november gjennomførte viltnemnda i Målselv elgtelling frå helikopter. I følge «Nye Troms» (23. mars 2023) vart det telt berre 277 dyr under denne tellinga. – Eit resultat som syntest å vere i lågste laget. Vi tar med at ny telling vart gjennomført over to dagar i mars 2023. Da var òg trekkelgen på plass. Leiaren i viltnemnda seier til «Nye Troms» - i same utgåve som nemnt ovanfor – at resultatet no vart 939 elg i Målselv – derav 360 kyr, 301 kalvar, 204 oksar og 74 ukjente.

Beitegranskingar

har det ikkje vore i år. Ein god peikepinne om korleis det står til, har ein i beitetrykket på ROS-artane (Rogn, Osp, Selje). Desse artane liker elgen og er noko av det første han beiter.

Småvilt

Skogsfugl.

Lite storfugl og orrfugl.

«Bestanden av orrfugl er noe lavere enn det har vært tidligere år.» (L.E.).

Lite orrfugl, litt betre med tiur. (Geir Kvammen og Kristian Karlsen, Målselv).

Rype

Låge bestandar av rype.

Statskog uttalte at det var oppgang i bestanane. Mest i Indre Troms, men svakare mot kysten og i sørfylket.

Frå distrikta:

«Det var en del lokal variasjon i rypebestanden. Men jevnt over var det store kull.» (L.E.). «Dårleg med rype». (G.K.).

«Ikkje setl lirype i Skibotn. Litt betre med fjellrype. Rypebestanden nede på eit lågmål, og har derfor ikkje gått på rypjakt her dei siste åra.» (V.J.)

Hare

Harebestanden held seg godt oppe.

«Harebestanden er rekordstor i deler av kommunen».(L.E.)

Andre observasjonar

«Det er fortsatt lav bestand av rødrev.

Det er mye smågnagere så bestanden av røyskatt er økende og i 2022 var det god hekking av ugler og dagrovfugler.» (Leif Evje frå Kvæfjord og Sør-Troms)

AREALFORVALTING.

Statistikken er utarbeidet for kommunene i tidligere Troms fylke.

Omlegging av skogsmark til annet formål.

Tallene er hentet fra KOSTRA-rapporten for 2022. Tall for 2021 står i parentes.

Deling:

I 2022 er det i 17 (17) kommuner, fremmet til sammen 162 (258) søknader om deling av landbrukseiendommer. 152 (241) søknader er innvilget, og 10 (17) søknader avslått. 12 (27) søknader gjelder deling med formål tilleggsjord til andre landbrukseiendommer.

Nydyrking:

Etter forbudet mot oppdyrking av myr, foregår all nydyrking på skogsmark. I 2022 er det i 9 (8) kommuner fremmet 22 (31) søknader om nydyrking av 663 (858) da. Alle søknadene er innvilget helt eller delvis. I 2021 ble en søknad avslått. Til sammen er det omlagt 608 (697) da skogsmark til nydyrking.

Omdisponering:

I 2022 er det i 15 (15) kommuner behandlet totalt 64 (81) søknader om omdisponering etter jordloven. 56 (78) søknader er innvilget og 8 (3) søknader er avslått.

I KOSTRA rapporteres det om omdisponering av dyrkbar jord som omfatter både dyrkbar myr og dyrkbar skogsmark. I all hovedsak omhandler søknadene dyrkbar skogsmark.

Totalt er det omdisponert 144 (260) da dyrka og dyrkbar jord i 2022, herav 52 (169) da fulldyrket jord og 92 (91) da dyrkbar jord. Arealene er behandlet og godkjent etter jordloven og etter plan- og bygningsloven. 20 (51) da dyrkbar mark er omdisponert i medhold av jordloven og 72 (40) da er omdisponert etter plan- og bygningsloven. I tabellen er dette slått sammen.

Tabellen viser hva den dyrkbare marka er omlagt til:

Totalt antall da	Boliger	Hytter	Grus-tak	Off bygg	Golf/grønnst	Annet	Samferdsel	Næringsbygg
92 (91)	12 (61)	10 (8)	0 (0)	0 (0)	0 (1)	2 (14)	38 (2)	30 (5)

Konsesjon.

I 19 (17) kommuner er det til sammen behandlet 156 (184) søknader om konsesjon i 2022. Av disse er 71 (97) søknader innvilget uten vilkår og 84 (82) søknader innvilget med vilkår. 1 (5) søknader er avslått.

I to kommuner i 2022 ble det fremmet 10 (8) søknader om fritak fra driveplikt. En søknad ble avslått (1) og 9 (7) innvilget fritak.

Planarbeid

Statsforvalteren har i 2022 hatt møte og drøftinger med kommunene Senja, Balsfjord, Tromsø, Tjeldsund, Salangen, Ibestad, Kåfjord, Nordreisa og Målselv om kommuneplanens arealdel, herunder landbruksinteressene.

Statsforvalteren har vurdert alle innkomne planer i ulike faser av planløpet - varsel om oppstart og offentlig ettersyn, og avgitt en landbruksfaglig uttalelse der jord- og skoginteressene blir berørt. Totalt har Statsforvalteren behandlet 5 (4) ulike kommuneplaner og 152 (189) reguleringsplaner. Tabellen viser antall planer hvor landbruksinteressene er berørt.

Kommuneplaner		5	(4)
Reguleringsplaner		7	(24)
	Boliger	1	(5)
	Hytter	0	(1)
	Grustak	0	(2)
	Industri	3	(7)
	Turistanlegg	2	(7)
	Veger	1	(0)
	Annet	0	(2)
Andre planer		0	(0)

Sum		12	(28)

Noen planer er behandlet flere ganger; ved oppstart av planarbeidet og ved høring av planutkastet.

I år er det fremmet 423 (484) søknader om dispensasjon fra kommuneplanens arealdel etter plan- og bygningsloven. 8 (24) av disse berørte skogsmark. Dispensasjonssøknadene fordeler seg slik:

Bolig	4	(17)
Hytter	2	(5)
Grustak	0	(0)
Industri	1	(0)
Annet	1	(2)
<u>Sum</u>	<u>8</u>	<u>(24)</u>

Velegg 1- 2022

Skogen i Balsfjord - Brynjar Jørgensen

Plansjar brukt på skogdagen – årsmøtet 2022.



Balsfjord kommune
-for framtida



- Totalt landareal: 1440 km²
- 5516 innbyggere (2022)
 - 2600 i arbeid (8 % primærnæring, 28 % sek.næring, 24 % helse/sosial, 23 % samferdsel/finanstj., 5 % off.adm, 9 % undervisn, 3 % pers.tj.
 - Pendling: 800 ut – 400 inn
- 41 000 dekar jordbruksareal i drift
- 129 jordbruksforetak med husdyr
- Industri - TINE, Mack, Element Nor, EWOS, Storegga betong, BEWI Polar, Kanstad mek, Nysted bygg, Brødr. Karlsen, m.fl.)

Kilde: SSB, 2020/2021/2022




Skogbruk i Balsfjord

- 770 000 dekar skogkledd areal (53%)
- 480 000 dekar er produktiv skog
 - 89 % lauvskog, 5 % furuskog, 6 % granskog
 - 77 % økonomisk drivbart
- Totalt stående volum: 2,5 mill. m³ på det produktive skogarealet
 - 75 % gammel lauvskog
- Tilvekst: 60 000 m³
- ca 1000 skogeiendommer
- Årlig hogst (salg): ca 2000 m³
Ved til eget bruk: +/- 2700 m³
- Videreforedling
 - Entreprenører (flis/rundtv./transp)
 - Vedprodusenter
 - Gårdssagbruk
 - Juletreproduksjon



Statistikk- 2021

- Skogkultur – utbetalt kr 400.000,-
 - Nyplanting/felling nyttbart 172 dekar
 - Ungskogpleie 496 dekar
- Skogsvegbygging – utbetalt kr 417.000
 - 650 m ombygging skogsbilveg
 - 1150 m nyanlegg traktorveg
 - 1500 m ombygging traktorveg
- Viltforvaltning – 130 elg felt





Hovedplan skogsveg

- Bygde skogsveger i kommunen (2013):
 - 250 veganlegg
 - 170 km skogsbilveg
 - 266 km traktorveger
- Behov skogsveger – hovedplan (2013):
 - 13 km nye skogsbilveger
 - 220 km nye traktorveger
 - Ombygging eksisterende veger

Muligheter - framover

- Skogen er en fornybar ressurs
 - Ved, fyringsflis, bygningsmaterial
- Skogen binder og lagrer karbon
 - Planting av barskog
 - Stell av skogen
- Økt videreforedling
- Ivareta biologisk mangfold